

ANMELDT BOK OG MUSIKK



AGATUNET: Klyngjetunet ved Sørfjorden i Hardanger er freda. Aga er ein gammal storgard og høvdingsete med spor av mellomalderen i fleire av husa og løene. Stiftelsen Agatunet vert drive som del av Hardanger og Voss Museum.

Låve- løve

«Norges låver» er ei gullgruve av ei bok. I låvane ligg heile vår kulturarv, og kanskje framtid også.

BOK FOTODOKUMENTAR

Eva Røyrane (tekst),
Oddleiv Apneseth (foto)



«Norges Låver»
Skald forlag

FORFATTARANE AV BOKA «Norges låver» har gjort eit storverk. Arbeidet som er lagt ned i det er beint fram imponerande, og boka fortener mange leesarar. Fyrsteopplaget fra Skald forlag

(Leikanger) er for lengst selt ut, eit nytt (på 5000) nesten ute av bokhandlane, eit tredje er bestilt.

DET FYRSTE SOM SLO OSS då me fekk boka i hendene, var estetikken. Fotograf Oddleiv Apneseth har fått så stor plass at det fort kan sjå ut som ei rein biletbok, med tekstrifftar Eva Røyrane berre på slep.

Me bladde oss raskt gjennom og stogga ein augneblink på kvar av dei mest tiltalande bileta – dei som harmonerte best med vår eigen moral om kva ein låve er og skal vere – før me gjekk meir spesifikt inn på låvane frå våre eigne fylke. Me ønska å finne «våre» låvar, dei låvane me kjente frå heimtraktene, dei

me har ein relasjon til og dei me meinte å kjenne att.

DET TOK ALTSÅ TID før me greidde å sjå boka retteleg, før me greidde å sjå kva for bok dette faktisk var.

Like mykje som biletbok er «Norges låver» eit nasjonalt oppslagsverk som fortel om ulike kår for landbruket. Det er ein historisk dokumentasjon om landbruket og dei historiske regionale klasseskilja i landbruket, om folks relasjoner til den stadeigne kulturen, om folkeskikken og byggjeskikken og om den stadeigne definisjonen av funksjonalitet og estetikk.

Det er òg ei bok som gir innblikk i kva landbruket har vore,



eig framleis 30 av bygningane, men tunet

kva det er i dag og kva det er på veg til å bli.

«NORGES LÅVER» tek oss med gjennom heile landet frå nord til sør, og syner oss alt frå provisoriske bygningar frå gjenreisinga i Finnmark til den prektige Ullernlåven sør for Skarnes.

Boka syner oss mangfaldet og det enorme spekteret av låvar som finst frå kreative løysingar med periodevis stiltrot tilpassa skiftande tider, til ein meir konservert byggjestil med påbygg som knapt skil seg frå det opphavlege. Somme har lete gamlelåven stå og sett opp nye driftsbygningar, medan andre har gitt gamlelåven nye funksjonar.



HAVRÅTUNET: På Osterøy ligg eit av tuna som fortel korleis mange her i landet budde før desse fellestuna blei oppløyste. Tunet er freda.

MEN SVÆRT MANGE, ja kanskje dei fleste låvane som står kring om i landet, har ingen funksjon lenger. Dei ligg til gardar som for lengst er ute av drift. Her er jorda anten attgrodd eller den vert driven av bønder som kjempar sin iherdige kamp for å overleve der dei svir av dekk og diesel langs bygdevegane.

Andre stadar har sentrums umettelege jordhunger ete grunnlaget vekk for låvens funksjon. Her blir han ikkje fylt med kalvar lenger, men av konsept. Framfor alt konsept som appellerer sterke til middelklassen sitt konsum av symbol. Dei fleste av oss er langt meir villige til å trekke kredittkortet for ein time yoga eller mindfulness enn for ein kilo gourmetkalv, synest det som.

Men også dette forbruket bidreg til å vedlikehalde bygningsmassane. Så då må ein kanskje tolke at det også bidreg til å endre meiningsinnhaldet som låven har? Sjølv om dette vel er låvar som vitnar om ei landbruksnæring som ligg med knekt rygg?

ESTETIKKEN KUNNE LETT ha blitt reint romantiserande; forfattarane skal ha honnor for at dei ikkje har gått i den fella. Estetikken er idylliserande, men også ærleg og reileg.

Røyrane og Apneseth pyntar ikkje på røyndomen, men syner oss at ikkje alle låvane våre er «smykke» i landskapet. Her er låvar som tydeleg ikkje har vore anna enn eit herk og ei møde dei siste tiåra. All gjenbruk som synest på biletia i boka passar heller ikkje smaken til den urbane middelklassa.

BOKA SYNER OSS både forfallet og hillbillyfiseringa.



EINSTAPEVOLL: Av dei 24 husa i det freda gardstunet i Sveio står framleis 16 att. På eigedommen er det to kilometer pent mura steingardar.

Den syner oss ei frimodig dyrking av «utkantsymbol» til dels tungt inspirert frå 60- og 70-talets amerikanske republikanarstatar.

Samstundes syner den oss at parallelt skjer det ei forvandling av Bygde-Noreg. Ein strevar etter å tilfredsstille smaken til jamt fleire middelklasseborgarar som aktivt sökjer seg til det rurale for å finne meinung og identitet i livet.

Men tydelegast syner boka oss det iherdige arbeidet låveigarane legg ned for å vareta kulturarven som ligg i låvebygningane. Dei er eit vitnesbyrd om landbrukets stordomstid og låvane synet slitet, arbeidsviljen og stundom også sorga.

Men alt det er bilete, alt det ser ein i boka utan å lese eitt einaste ord. Likevel kjem boka først til sin fulle rett gjennom nett teksta. Tekstane til Eva Røyrane fortel mykje, og dei gir meinung til biletia og set estetikken i kontekst.

KANSKE KJEM BOKA nett no fordi landbruket i dag er ei marginalisert næring. Land-

bruks stordomstid er over. Likevel held talet på landbrukseigedomar seg oppe.

Me har 170.000 landbruks-eigedomar med tilhøyrande bygningar i Norge, men berre knapt 43.000 av desse driv tradisjonell drift. Mange låvar står som katedralar for landbruksbefolkingas dårlege samvit.

EIN RIV IKKJE minnet etter tidlegare generasjonars arbeid og slit. Boka gjer oss merksamme på at sjølv funksjonslause låvar har ei meinig når våre idear om landet og det landlege skal skapast.

Låvane høyrer kulturelt og identitetsmessig til i det norske kulturlandskapet. Dei står der som raude siglingsmerker i landskapet og vitnar om det som var.

Kanskje stakar dei også ut leia for det som treng å bli.

ANMELDT AV
ODDVEIG STORSTAD,
dr.polit og forsker ved Norsk senter
for Bygdeforskning, NTNU
OG BJØRN EGIL FLØ,
dr.polit og forsker ved Norsk senter
for Bygdeforskning, NTNU



En rosa karrierevri

Nicki Minaj leverer en mektig «game-changer» av sjeldent slag.

MUSIKK HIPHOP

Nicki Minaj



«The Pinkprint»
Cash Money Records Inc.

DET ER INGEN TVIL i verden om at Nicki Minaj for alvor har inntatt eliten innen hiphop og R&B, på lik linje med «kollega» Drake. De er den nye annengenerasjons Jay-Z og Beyoncé. Til tross for å ha klatret både høyt og raskt, har karrieren hennes først og fremst dreid seg om hits, ikke de solide albumene. Etter to plater som strengt tatt har vasset i overproduksjon og stilmessig usikkerhet, som på ingen måte reflekterer hennes bilde av seg selv, er det på tide å ordne opp i sakene. «The Pinkprint» skal gjøre nettopp det.

Navnet er et spill på Jay-Zs «The Blueprint», men fellesnevnerne er ikke mange, bortsett fra at albumet for første gang tillater Minaj å rette all sin oppmerksomhet mot hiphop og bort fra sukkespinnaktig kliss. Lyden av Nicki Minaj er denne gang gjennomgående selvsikker, en ledende stemme som hele veien styrer spillet på tross av en hinsides imponerende rekke gjesteartister som Jeremih, Drake, Jessie Ware og Arianna Grande. Disse er bare brikker i et spill som har ett formål; å få henne til å skinne enda sterkere.

Singlene «Only» (med Drake, Lil Wayne og Chris Brown) og «Anaconda» er valgt med god grunn – de viser Minaj fra hennes beste side, utstyrt med ord som sitter som skudd. Låtene mellom de store begivenhetene på platen er også verd din oppmerksomhet. «Favorite» med Jeremih er underspilt, men gjennomsyret av hans karakteristiske lyd. «The Crying Game» smelter sammen Jessie Wares sårbarhet og Minajs rå oppriktighet. «Pills N Potion» er en stadionaktig powerlåt det er lett å bite på.

«The Pinkprint» er mangefaset og interessant, men samtidig syndig og oppriktig avhengighetsskapende.

ALISA LARSEN

Musikkameldar

